

---

**Fra:** Leif Johnsen <ljholme@online.no>  
**Sendt:** fredag 29. mars 2019 14.32  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Til ordfører og rådmann. Kommentar til samrådsmøte om vernetiltak i Kloppedalsbekken

Til ordfører og rådmann i Meland.

Eg viser til ordførarens svar på interpellasjonen frå underteikna om vernetiltak i Kloppedalsbekken/Kvernhusbekken i kommunestyremøtet 06.03.2019. I svaret seier ordføraren at rådmannen skal gir Utval for drift og utvikling ei orientering om vernetiltaka som er iverksett og vurdere korleis dei fungerer.

I Utval for drift og utikling 19.02.2019 var det som svar på ein klage på oppstartløyve i Mjåtveitmarka delfelt B5 frå Mjåtveitelvens forening, samrøystes vedteke at kommunen skulle innkalle til ein møte mellom utbyggjar, kommunen og Mjåtveitelvens forening. Dette samrådsmøtet vart halde onsdag 27.03.2019. I møtet blei det lagt fram resultat av vassprøvar frå perioden 20.3 til 26.3, som viste turbiditetsverdiar (partikkelinnhald) på 3.0, 4.7 og 10.0, altså langt over tilleten grenseverdi på 2.0. Utbyggjar fekk der og då munnleg stoppordre over bordet. Dette viser tydeleg at vernetiltaka ikkje fungerer, slik Mjåtveitelvens forening hevda i sin klage.

Det blei ei god og konstruktiv drøfting i møte på kva som kunne gjerast for å unngå forureining, både som strakstiltak i og ved B5, men også i heile systemet med vernetiltak i bekken frå Mjåtveit næringspark og ned til der bekken renn ut i Mjåtveitelva. Følgjande tiltak vart omsnakka:

Strakstiltak:

- Monterer opp tilstrekkelig med rensecontainere via et profesjonelt firma.
- Reparerer terskel, tette rørene i bunnen og reparere og stanse lekkasje på sidene på Waldedammen .
- Utvider dammen på andre siden av veien mot B5.
- Reparere og slamsuge fangdammen til Askeland.

Helhetlige tiltak:

- Utbyggere, kommunen og Mjåtveitelvens forening lager en plan som sikrer mot forurensing til Mjåtveielven.
- Utbyggere, kommune og fylket blir enige om å samkjøre finansiering og søke om midler til å dekke utgiftene til å istandsette alle eksisterende og framtidige dammer som må lages.

Det er på høg tid - og positivt - men eigentleg for seint, at denne samrådingsprosessen er kome i gang. Forureining har skjedd – igjen. Underteikna reknar med at ordfører og rådmann er orientert om samrådingsmøtet 27.03.2019, og reknar også med at Utval for drift og utvikling får orientering om møtet og tiltaka som der vart drøfta.

Helsing  
Leif Johnsen,  
kommunestyrerepresentant for MDG.